

Referat frå styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: 06.02.2023, klokka 17:30-19:00

Stad: Klasserommet i Bildøyhallen

Desse møtte: Renate Turøy, Vegard Mortensen og Mikael Tangen. Julio Halland orienterte om sponsorarbeid og rekruttering.

Forfall: Jens Knabben, Nils Magne Vardøy, Cathrine Hartwig og Nina Lønøy

Saker:

1/6 Innkalling

2/6 Sakliste

3/6 Referat frå styremøtet 12.12.2022

4/6 Orienteringar (Vedlegg 1 - 5)

5/6 Dialog med kontrollutvalet (Vedlegg 6)

6/6 Tidsfristar og arbeidsfordeling i høve årsmøtet

7/6 Budsjett 2023 (Vedlegg 7, Vedlegg 8)

8/6 Sponsorarbeid

9/6 Rekruttering (Vedlegg 9)

10/6 Starte opp med mini- eller teenvolleyball (Vedlegg 10)

11/6 Ymse

Orientering om sakene:

1/6 Innkalling

Godkjend.

2/6 Saksliste

Godkjend.

3/6 Referat frå styremøte 12.12.2022

Godkjend.

4/6 Orienteringar (Vedlegg 1 - 5)

Mikael Tangen gav korte samandrag frå vedlegga i orienteringane, og minna styret på nokre påmeldingsfristar.

5/6 Dialog med kontrollutvalet (Vedlegg 6)

Dialogen med kontrollutvalet vart ikkje noko av. Tid for nytt møte må avtalast. Mikael Tangen arbeider med dette.

6/6 Tidsfristar og arbeidsfordeling i høve årsmøtet

Tidspunkt for årsmøtet: Måndag 20.mars 2023 klokka 18:00 til 20:00 i klasserommet i Bildøyhallen.

Innmelde saker til årsmøtet må vera sende til styret seinast 24. februar 2023.

Rapport frå trenarane må vera sendt til styret seinast 24. februar 2023.

Årsmeldinga med alle aktuelle utgreiingar, rapportar og saker vert handsama på styremøtet måndag 27. februar 2023.

Årsmeldinga vert lagt ut til gjennomsyn på heimesida til Sotra Volleyballklubb 6. mars 2023.

Årsmeldinga vert sendt til kontrollutvalet.

Orientering om tidspunkt for årsmøtet og andre fristar vert lagt ut på heimesida måndag 6. februar 2023.

Mikael Tangen ønskjer velkomen til årsmøtet og gir ei orientering om korleis møtet vert organisert.

Dirigent: Vert bestemt på styremøtet måndag 27. februar 2023.

Sekretær: Vert bestemt på styremøtet måndag 27. februar 2023.

7/6 Budsjett 2023 (Vedlegg 7, Vedlegg 8)

Endringar i budsjettet vart diskutert ut frå auka kostnader, færre som sponsar klubben og reduserte inntekter i kiosk og økonomisk støtte til turneringar.

Korleis kan dette kompenseras?

Auka treningsavgift, eigenandelar ved seriespel og større turneringar, loddosal?

Dette vert ei sak på årsmøtet.

8/6 Sponsorarbeid

Julio Halland orienterte om mogelege sponsortilskot. Mikael Tangen og Julio Halland møttest med det første for å diskutera framgangsmåte i sponsorarbeidet.

9/6 Rekruttering (Vedlegg 9)

Julio Halland og Markus Fondenes har laga eit skriv som vert distribuert til skular og andre organisasjonar for å spreia kunnskapen om volleyball og Sotra Volleyballklubb.

Det vert invitert til øvingar og spel i Ågotneshallen fredagar klokka 19:00 til 21:00 for ungdom i alderen 13 til 17 år. Instruktørar vert Julio Halland, Renate Turøy, med fleire.

10/6 Starte opp med mini- eller teenvolleyball (Vedlegg 10)

Dette er eit prosjekt som kan sjåast på i samanheng med rekruttering. Vi kan leggja fram planar for dette arbeidet til NVBF i eit videomøte. Derfor må vi i klubben snakka saman om opplegg og gjennomføring ved oppstart av nye grupper. NVBF støtter oss med utstyr for å få gjennomført dette. Deltakarar må vera Geir Andre Thomassen, Julio Halland, Markus Fondenes, Renate Turøy, med fleire.

Mikael Tangen kallar saman til eit møte der formålet er å laga ein presentasjon til videomøtet med NVBF.

11/6 Ymse

Sotra Volleyballklubb støtter tiltaket med loddsal der overskotet går til dekking av utgifter deltakarar har for å kunna delta på gallaturnering i Trondheim. Eventuelt overskot etter dekka utgifter til turneringa i Trondheim vert overført til vanleg drift av Sotra Volleyballklubb.

Referent
Mikael Tangen

Stad/Dato
Møvik/06.02.2023